

Bygdabladet

for BOKN



Luciafest s. 4



Haustjakt s. 2



Ansiktsløfting s. 6



LysVåken s. 14

Bygdabladet for BOKN

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Eit abonnement kostar kr. 325,- pr. år, gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

Redaktør Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Journalist Reidar Alvestad, tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04
E-post: reidar.alvestad@bokn.kommune.no


Medarbeidar Linda Ognøy, tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82
E-post: linda.ognoy@bokn.kommune.no

BYGDABLADNEMND

Johannes Nilssen
Ellen Nedrebø
Lars Norekvål

GJELDANDE ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 625,-
Halvsida	kr. 375,-
Kvartside	kr. 188,-
1/8 side	kr. 125,-
Privatann.	kr. 62,-
Fastann./fargeann.	etter avtale



Stort forside-
bilde:

Bokn brass/
Rustne Horn på
årets Luciafest

Foto: Kjetil Hamre

MMS

Månadens MMS-bilde for november

Temaet for november var jakt/humrafiske, og bygdabladnemnda valde ut bildet **Haustjakt (Håvard Hetland)**

Han får eit kommunekrus. Gratulerer!
Bildet ser du på framsida og i albumet MMS nov. 2008 i nettutgåva.

Vekas/Månadens MMS er knytta opp til eit bestemt tema.
Temaet for januar er VINTER. KNIPS I VEG OG SEND INN!!

- redaktøren -



ORDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

Budsjett

Budsjettet for 2009 blei vedteke i kommunestyremøte den 09.12.08 og var eit fellesforslag frå dei fire partia som er representerte i kommunestyret.

Det er, slik eg ser det, eit godt budsjett der ein fann rom for fleire nyinvesteringar. Me veit at Bokn i åra framover skal utreda fleire større, konstnadskevjangende prosjekt slik som til dømes nytt høgdebasseng på Vaulen, utbygging av skulen og barnehagen samt fleirbrukshall.

Dette har politikanane hatt i bakhovudet, samt den usikre situasjonen i verdsøkonomien, når ein har jobba fram neste års budsjett. Difor har ein vist måtehald og ikkje latt seg friste til å gape over meir enn det som ein vurderar som forsvarleg.

Men av nye investeringar kan nemnast kr. 1.000.000 til nytt bærehus ved kyrkja, midler til asfaltering av kommunale vegar og området ved miljøstasjonen i Føresvik, samt kr. 200.000 til opprusting av areala rundt Føresvik indre hamn.

I tillegg er det satt av midler til trafikk-sikringstiltak i kommunen og det er løyvd midler til styrking av musikkskule/kulturskule frå og med hausten 2009.

I driftsbudsjettet er det lagt opp til ei rekkje mindre tiltak, mellom anna diverse nyinnkjøp av interiør til skulen, nytt utstyr til gymnastikksalen, utvikling av uteområdet til barnehagen med innkjøp av fleire leikeapparat og nytt og breiare kinolerret i auditoriet, samt oppgradering av kinolyden. Sistnemnde tiltak vil gje kinopublikummet ei mykje betre kinooppleving.

Grunnlaget for den kommunale aktiviteten blir i hovudsak lagt i Stortinget gjennom Kommuneproposisjonen og Statsbudsjettet. Trass i konjunktur nedgang på verdsbasis, har ein i Bokn framleis ein situasjon som inneber at ein opprettheld drifta i kommunen.

Finanskrisa har skapt usikkerheit i mange kommunar rundt nivået på skatteinntektene for 2009, og mange kommunar har i tillegg tapt pengar på grunnfondsbevis og aksjar. Av denne grunn har fleire rogalandskommunar redusert i drifta til neste år.

Det siste utspelet frå regjeringa inneber at kommunane likevel kan forutsei framtida betre ettersom eventuell skattesvikt vil bli kompensert. Regjeringa legg opp til at sektoren vil bli kompensert viss skatteinntektene til kommunesektoren blir lågare enn anslått i budsjettet. Dermed kan kommunane likevel budsjettera ut frå føresetnadene som ligg i statsbudsjettet.



God jul

Det er berre få dagar til julaftan og denne perioden blir eit kjærkome avbrekk frå hektiske dagar for mange av oss. Me får høve til å ta ein "time-out" frå dagleglivets pålegg og krav, og me kan senka skuldrene litt og lada opp batteria saman med familien.

I tillegg "snur" sola den 21. desember og det går mot lysare tider. For mange trur eg vintersolvervet gjer ein mentalt betre rusta til å møte dei to vintermånadene som står att. Men me har hatt ein fin haust med mange flotte godværsdagar, slik at vintersolvervet tross alt ikkje var så "påkrevd". Men me får nå altså god anledning til å feira at dagane blir lengre.

Eg vil takka for året som har gått og ynskja alle lesarane våre ein god og fredfull jul og eit godt og innhaldsrikt nytt år.

Ordføraren

Kjære lesar!

Du held i det siste bladet av årgang 23.

Dessverre har eg i år ikkje fått tid til det tradisjonelle tilbakeblikket eg brukar å ha i desemberutgåva kvart år. Driftinga av www.bokn.no og anna kulturarbeid gjer at redaktørarbeidet ikkje kan få like stor prioritet kvar mnd.

Ressurser

Dessutan er ikkje ressurstilgangen slik han har vore før, nå når Reidar Alvestad jobbar lite med bladet. Gjennom fleire år har han trappa ned journalist-

arbeidet, og frå januar 2009 blir han ikkje lenger å finna som fast journalist.

Å skapa nytt stoff til bladet (utanom den faste kommunale informasjonen), krev sitt, og her må der inn ny(e) person(ar) til neste år dersom bladet skal halda nåverande kvalitet. Å villa oppretthalda dagens nivå er noko alle evalueringar og politiske vurderingar opp gjennom åra har bekrefta.

Når nesten alle "freelance-journalistane" rører på seg på ein gong, slik som i dette bladet, blir resultatet tilfredsstillande og variert, men dette skjer ikkje ofte i løpet av ein årgang. Det er den faste ressurstilgangen som er viktig for å kvalitets-sikra bladet.

Takk!

Eg vil retta ein stor takk til Reidar Alvestad, for alt han, med sin lokalhistoriske innsikt, har gjort for Bygdabladet gjennom alle desse åra. Han starta bladet og var sjølv redaktør fram til april 1997.

Eg vil også takka bygdabladnemnda, Kjetil Hamre og alle andre bidragsytarar i 2008!

Underteikna ynskjer deg ei roleg og god jul og eit riktig godt nytt år med Bygdabladet.

- redaktøren -



Det første juletre på skulehuset i Bokn

Eit minne frå barneåra av Elisæus Vatnaland

Det var i 1897. Den nye skuleordninga i Bokn var då gjennomført etter ny krinsdeling med skulehus på Austre Bokn, på Torland og på Hognaland (Tveitane).

Den nye ordninga var elles slik at der skulle vera berre to lærarar i desse tri krinsane. Den eine læraren, som og var klokkar, hadde halvparten av skulen på Hognaland attåt skulen på Austre Bokn.

På Hognaland skula kvar av lærarane to veker om gongen, og då var borna i krinsen der læraren kom frå, fri skulen. Skuleordninga var slik også då eg byrja på skulen på Hognaland i 1899.

Foreldra i Hognaland-krinsen var lite nøgd med ei slik skuleordning som dei meinte ikkje var heilt jamnstelt og like god som den var i dei andre to krinsane.

Dei to lærarane var yngre menn med kveik i seg til å gjera det beste ut av ei skuleordning med oppdeling i skule- og fritid.

I jolehelga 1895 laga lærarane til jolefest for borna på skulehuset på Torland og på Austre Bokn. Dei hadde teke til med slike jolefestar i andre bygder rundt ikring. Men på Hognaland skulehus vart det ingen jolefest, truleg av di krinsen der ikkje hadde eigen lærar, slik som dei andre krinsane hadde.

Dette at skuleborna på Hognaland ikkje fekk jolefest slik som på Austre Bokn og Torland, vekte misstemning både millom born og foreldra i krinsen. Ei slik tilsetjing tykte foreldra gjekk for langt, og så tok dei fatt sjølve og laga til fest. Rett nok vart det noko langt ut i joleferien

før dei fekk dette i stand, men jolefest vart det. Det var mest som eit slag dugnadsarbeid.

Då foreldra som gjekk i gong med dette, hadde for lite tid på seg til å kunna reisa utanbygds og få tak i eit tre av gran eller fåra, vart dei samde om at dei skulle laga eit joletre av brake (einer). Treet vart bygd opp av brake kring ein stolpe i midten og var fint forma.

Rasmus Grønnestad og Østen Tveitane gjorde meste arbeidet. Pynten på treet, utanom lysa, var og heimelaga av ymse slag papirkorger og anna utklypp av papir. Elles vart treet dekt av appelsine og store kjeksar som skulle vera til utdeling på borna ved slutten av festen.

Foreldra mine lova meg at eg skulle få vera med på denne jolefesten, sjølv om eg ikkje hadde byrja i skulen. Eg hugsar enno kor eg gledde meg, og denne fyrste jolefesten var ei oppleving som står klårt for meg ennå, så mange år etter.

Far fylgde meg på festen, og eg hugsar at skulehuset var stappfullt av folk, slik at då borna skulle til å gå rundt joletreet, vart det mest ikkje plass til å sitja. Folk stod tett i tett langs veggene. Men joletreet midt på golvet, med masse lys og pynta noko utom det som er vanleg nå for tida, gjorde sterkast inntrykk på meg. Dette var mitt fyrste møte med joletreet.

Borna hygde seg overlag, og eg trur foreldra hygde seg mest like mykje for at dette var kome i stand. Rasmus Grønnestad hadde transportert eit lite husorgel frå Grønnestad til Hognaland, og ho Gina Grønnestad, syster hans, var der og spela på det. Dette var



noko uvanleg for borna, og det sette liksom ein spiss på det heile.

Året etterpå, i 1898, laga lærarane i fellesskap til jolefest for skuleborna på Hognaland. Treet var då eit fåretre som i førevegen hadde vore nytta på Torland og på Austre Bokn. Jolefesten var då, som også seinare, gild og høgtidsam, og eg har mange gode minner om desse festane frå skuleåra.

Men det er likevel få minner frå dei tidlege barneåra som i dag står så klart for meg som minnet om dette fyrste joletreet på skulehuset, og som var bygd opp av brake.

Artikkelen er henta frå "Jul på Karmøy 1966"

Flott Luciafest på skulen

Kjetil Hamre



Stemningsfullt og vakker klang.

Det summa i salen før det heile kom i gong, og som vanleg var det 4. klasse i luciatog som leia an i festen. Ei vakker rekke, stor som klassa er, lyste opp den mørklagte gymsalen. Til korpstonar og barnestemmer kom godfrysningane fram på armar og rygg.

Skulekorpset tok over og framførte tre julesongar. Dei hadde kun fire øvingar bak seg med dirigenten, og klarte seg svært bra under vengene til Grete Yrke.

Barnekoret song av full hals, men hadde stort alderspenn. Det skal seiast at ein ikkje vert for gamal til å synga i tidleg alder på Bokn. Godt klima til det meste skulle ein meine! Så stor innsats har koret gjort i år at saniteten gav dei ei påskjøning på 5.000 kr., noko som sjølvstegt vart godt motteke.

Venevil kom med fløyta og historiar før ein fekk servert lett mat og drikke. Her



Korsong til 5.000 kr.



Unge håpefull blæs jula inn.

fekk ein og litt hjernetrim for både store og små. Praten gjekk høgt og det verka som alle koste seg. I gangane var aktiviteten høg, der dei små sprang av seg spenning og sukker med stor iver.

Etter maten fekk me fasiten på nøttene og sjølvstekt ein vinnar med eit bord som kun hadde ein feil på oppgåvene. Utlodding av basaren vart og gjort med lukkelege vinnarar.

Siste opptreden på programmet var Bokn brass/Rustne horn, med song-solist **Svend Egil Håvardsen (bildet)** på "O helga natt". Dette var tonar som trollbandt store og nokre små som kom snikande inn frå leiken i gangen.

Etter blomsterutdeling til dei som gjorde festen til nettopp ein fest vart det heile runda av med allsang av "Deilig er jorden".

Me takkar for ein flott fest og ynskjer



Bokn brass og Rustne horn hadde brukt pussekluten flittig.



alle som
deltok ein
riktig god

Malmfull røst rungar utover salen.

Frå forvaltningsstyremøtet 13.11

Sak 040/08 Klage på dispensasjonsvedtak – gnr. 19 bnr. 25 – klager Lars Sønneland

Forvaltningsstyret sitt vedtak:

Vedtak i 017/08 i forvaltningsstyret fra 09.04.08 opprettholdes.

Saken oversendes fylkesmannen som endelig klageinstans.

Sak 041/08 Dispensasjon - tillatelse til utfylling i sjø - gnr 11 bnr 289 - Espen Alvestad

Forvaltningsstyret vedtok:

1. Forvaltningsstyret sitt vedtak: Søknaden godkjennes. Espen Alvestad gis tillatelse til utfylling i sjø på eiendommen gnr 11 bnr 289. Utfylling skal ha en fin avslutning og skal ikke være en forringelse av området. Det må leveres ansvarsrett på både prosjektering og utførelse pga utfordringen med å få massen til å ligge stabilt.
2. Vedtak er fattet med hjemmel i plan- og bygningsloven § 7 og reguleringsplan for del av Alvestadkroken godkjent 11.03.97.
3. Tiltakshaver bes vurdere en rundere avslutning av steinfyllingen mot søndre kaihjørne.

PRIMSTAVEN

24. desember

JULAFTEN

Det fulgte lykke med alt arbeid som ble gjort julaften, og derfor ble mange små arbeider utsatt til denne dagen.

25. desember

JULEDAG, Kristi fødsel

Denne dagen skulle man holde seg hjemme. Blåser det sønnavind julenatt, blir det en mild vinter. Tegnet for denne dag skal opprinnelig ha vært et "reive-barn", men gjennom misstydingener er det blitt til et drikkehorn. Merket er et hjul, en sol, et kors, en syvarmet lysestake eller et drikkehorn.

31. desember

NYTTÅRSAFTEN

Dette var en farlig aften. All slags trollskap var ute. For å holde trollskapet borte, skjød de skudd over hustakene. I senere tid gikk skikken over til å skyte inn det nye året. Merket er et hjul eller et timeglass.



Små endringer i juleevangeliet, fra barnemunn

Hyrdene hadde turban på hodet mens de gjetet sauer og høner. Etter at hyrdestunden var slutt, dro de for å besøke Jesus på julaften. Det er derfor vi gir hverandre gaver i dag. Men de spiste nok kanskje ikke ribbe. Jeg tror de spiste grønnsaker og drakk vin.

Eller kanskje de grilllet eselet tross alt? (Julian, 7år)

De vise menn så en stor stjerne som de fulgte etter. Til slutt kom de fremtil Jesus, som den gang bare var et vanlig barn. Så ga de Jesus røyk og myrra.

(Hans, 8år)

Det var julestjernen som lyste så høyt at de tre vimsete menn ble ført fremover til låven der Jesusbarnet lå i skjødet til jomfru Maria. (Magnus, 7år)

Ansiktsløfting på COOP'en

Kjetil Hamre

Coop Marked Bokn vert oppgradert for nærare to mill. kr. i januar/februar 2009.

Eg banka forsiktig på pauseromma hjå COOP Bokn for å slå av ein prat med butikksjef Tor Harald Alvestad etter at rykta hadde begynt å svirra om ei endring av butikken over nyåret.

Til å byrja med trudde eg at han hadde fått seg ein kaffikopp for mykje, men merka snart at han berre var svært entusiastisk og fornøgd med COOP Haugaland sine planar for butikken.

Han halte meg inn på littlekontoret og viste meg nokre planar og visjonar for drifta. Eg må seie at humøret smitta og eg vart ganske riven med av det heile. Alle detaljar skal eg ikkje gjengi i denne artikkelen, men ei god oversikt skal lesarane få av det heile.

På løpande band

Handleturen startar som vanleg med at ein går inn gjennom inngangspartiet, men så kjem endringane på løpande band.

Apropos band så har målebandet vore flittig i bruk. Her er det nok slik som Anne Grethe Preus i si tid sa at ein millimeter kan vere nok, i alle fall til somme tider.

Det første som møter ein i ny butikk er starten av handlerunden i motsatt ende. Her har ein kaffikrok og tipping.



Her kjem kald drikke i nye kjølereolar.

Deretter går ein inn i sjølve butikken på høgre side og møter kald drikke i nye kjølereolar før ein endar opp i grøntforavdelinga. Her vert det også ny disk med betre plass, les fleire hyller, og dermed betre oppbevaring av varene.

Vidare på kortveggen kjem tilsvarande disk for kjøttvarer. Meieri og eggeprodukt kjem så langs langveggen ned mot posthjørna etter inngangen til jernvaren. Frysedisken vert ikkje endra

og heller ikkje plasseringa.

Mellom langveggen vert det altså på grunn av millimetersparinga no plass til fire reolar. Dei vert i seg sjølve noko mindre "djupe" men på millimeteren nok.

Det vert to kassar som i dag. Det heile toppar seg med fliselegging og fargelegging som friskar godt opp.

To veker

Kva er det som skjer her? tenkte eg og



Høgde gir betre plass.



Smalare reolar, men likevel betre plass.

gjekk rundt med ein hoppande butikk-sjef. Vil boknaren merka noko i byggjefasen, lurte eg på.

- Nja, det er klart at noko vil ein merka, men alt skal vera unnagjort på to veker.

To innpust så er han klar igjen.

- Dessutan vil me bemanna butikken ekstra i perioden slik at service og hjelp skal vera maksimal for brukaren.

Han tek seg ein pustepause igjen.

Det heile vil beløpa seg på nærare to millionar kroner og eg får straks eit lite minne om min eigen lottodraum.

- COOP viser at dei meiner alvor med butikken på Bokn, og det er me svært nøgde med, seier han, og det er vel ikkje vanskeleg å vera einig i.

Underteikna ser fram mot planane og utføringa av dei. Dette skal verta svært spanande. Eg takkar høfleg for meg og ruslar heim med visjonar i hodudet. Det er godt at slike finst.

Bilde øverst: Her kjem posten.
Bilde th.: Her blir det kaffi- og tippekrok.



Coop på glattisen

Kari Hetland

Å kjøre varer for handelsslaget kan være en spennende opplevelse.

Det fikk Sølvi Tollaksen erfare, som fredag ettermiddag den 12. desember kjørte varer ut til kundene i Bokn.

I svingen sør for Laupland kunne det gått skikkelig galt. Vegen var dekket av speilblank is og svingen var såpeglatt. Bilen mistet veggrepet og rant nesten utfor kanten.

Flere fikk merke holkeføret. En kraftforbil måtte vente en god stund på Hodl fordi det ikke var strødd.

Oppfordringen er å kjøre forsiktig fram til kommunen har fått strødd skikkelig med sand.



Bilen, som stoppet rett før kanten, ble taljet opp på speilblank vei.

Foto: Karen Hetland



Små endringer i juleevangeliet, fra barnemunn

I gamle dager surret de sammen Jesusbarnet med en slags bandasje og masse strikk. Så svøpte de ham rundt. De var så kristne at de smilte hele tiden.

(Pernille, 7år)

Josef ble far til Jesus Kristiansen i en grisebinge uten at noen visste om det. Først visste han det ikke selv engang. Til slutt fikk han vite det av en engel som tilfeldigvis fløy forbi. På den måten begynte den oppvoksende slekt å vise seg. **(Jo, 7år)**

Og de måtte bare spise korn, for de hadde ikke noe annet. Dessuten hadde ikke dyr det bedre enn mennesker på den tiden.

(Henrik Andre, 7år)

Grautfest for speidarane

Ragnhild Trosnavåg

Andre tysdag i desember hadde speidarane sin årlige grautfest.

Med ei stor speidargruppe i alderen 7

Det var lysbildeframvising frå alle dei forskjellige gruppene. Her fekk ein sjå ei del av aktivitetane som dei ulike

hadde funne mandla i grauten.

Før festen kunne avsluttast, skulle dei



Med nye skjerf på, var det å stille opp til fotografering.

til 16 år + familiespeidarane trekker

festen mykje folk, og det måtte settast inn ekstra bord.

Sokneprest Arne Aurdal heldt ein fin andakt.

gruppene har vore med på, men det er mange aktivitetar som ein ikkje får tid til å ta bilder på.

Når Peffar og Assar hadde servert graut, var ein gjeng flinke speidarar og selde ut mange loddbøker. Før loddtrekkinga var det premie til dei som

fleste gruppene få utdelt nye flotte skjerf + stjerner og merker. Med nye skjerf på, var det å stille opp til fotografering og flagget blei rulla inn.

Ein stor takk til alle i Speidaren for ein kjempejobb dei gjer for barn og unge på Bokn.

Juleshow på Krovågen hestesenter

14. desember var det juleshow i Kro, og rundt 60 besøkende fant veien til stallene denne søndagen.

Programmet startet med ridekonkurranse i ponnyklassen, deretter ble det konkurrert med islandshest i 4 ulike klasser, etter alder og ferdighetsnivå.

Flere av foreldrene fikk også prøve seg på hesteryggen. Resultatet av konkurranse var at 4 av 5 premier til lokale ryttere, og det var ingen overraskelse.

Etter innsatsen på ridebanen var det julegrøt, kaffekos, hesteshop og premieutdeling på låven. Arrangementet ble avrundet med besøk av Kro-nissen, som delte ut poser til små og store.

Siden det er langt mellom reinsdyrene på Austre Bokn, måtte nissen ta til takke med en shetlandspanny, for anledningen iført falske horn (**bildet**). På kjøretøyet skal storfolk kjønnnes!

Kari Christensen





Art på Artep

Elisabet Taraldlien



Teikningar i manga og ecchi, by Hersi.

Ved "oppstarten" til Petra i februar 2008, hadde eg mange vyer om kva me kunne gjere på fritidsklubben, og om det var andre aktivitetar me kunne tilby ungdom.

Faktisk ikkje berre ungdom heller, for eg tenkte me kunne tilby alle Boknarane å vere med på nokre av tilbuda. Eit tilbud er realisert der alle er inkludert, i og med at me har starta "kulturverkstad-kafe'-kiosk-møteplass".

Me hadde ein konkurranse før sommarferien, der nytt navn skulle velgast. Navnet blei Petra baklengs, altså Artep. Eg synest det passa heilt flott, for me skal jo innføre "art"- altså kunst opp på kulturhuset.

Her kan de sjå noko av resultatet (bildet), der kunstnaren kallar seg Hersi, men heiter i verkelegheita Alexander Olausen. Han teiknar i to stilartar, manga og ecchi.

Manga

er ein japansk teiknestil, og vart utvikla kort tid etter den andre verds-



krigen. Stilen vert bruka i mange høve, til dømes action, sport, drama, historie, science fiction, mysterie, skrekk, sensuell, industri og komersiell (puh..) for å nevne nokre! Teiknestilen begynner å bli svært populær rundt om i verda.



Alexander "Hersi" Olausen

Ecchi

betyr at teiknestilen er meir frekk, endog sexy, og det kan me sjå av teikningane av figuren "Liru". Dei tre figurane, som du kan sjå meir av i **bildegalleriet til petra.no!** God fornyelse!

Du kan og ta ein kikk på **manga.no** om du er interessert!

Velkommen til Laurdagscafe, kvar laurdag kl. 11.00 – 15.00

Solrunn Alvestad

Frå 1. november har det kvar laurdag vore kafe i Føresvik, og planen er å ha open kafe kvar laurdag i tida framover frå kl. 11.00 til kl.15.00.

Det er 9.klasse på Bokn skule som står for drifta, og målet er å tjene penger til studieturen til Polen neste år.

Etter seks laurdagar er det kjekt å sjå at mange tar turen innom kaféen, og etter kvart som dette blir kjent vonar vi at fleire vil stikka innom.

Etter handelen på Coopèn er det godt å setja seg ned med ein kopp kaffe og litt å bite i, og ikkje minst er det kjekt å ha ein uformell møtestad kor ein kan prate med andre boknarar eller andre som har forstått at vi har det **kjekt på Bokn.**

Menyen varierer litt kvar gong, men som regel er det nysteikte vafler og god heimebakst; (kaker, lapper, pannekaker, boller el.l.)

God oppslutning på opningsdagen 1. nov., og det er slik vi vonar at det vert i tida framover også.



SMILANDE BAK DISKEN: Benedicte O. Mæland, Britt og Maria Banasziewicz.



Etter en veldig lang flytur og en overnatting i Chicago etter å ha mistet ett fly, ankom jeg sammen med tre andre norske studenter Grand Rapids i Michigan, USA, i slutten av august. Vi var utrolig spente for endelig å møte vertsfamiliene vi skulle bo hos.

Min vertsfamilie var veldig mye større enn familien min hjemme, med 4 adopterte døtre hvor den eldste var 12 og den yngste på 6 år med Downs syndrom, og 3 chihuahuaer sammen med min vertsmor og vertsfar, alle boende i et lite hus med kun en etasje i tillegg til en datter og hennes to døtre boende i en campingvogn utenfor. Overgangen til denne familien var stor, men jeg ble veldig godt tatt imot.

Omfattende storskole

Som utvekslingselev her i USA er jeg elev på Reeths-puffer High School, som er en veldig stor skole med ca. 1200 elever i Muskegon. Jeg sto opp klokken 6 hver morgen og var på den tradisjonelle gule skolebussen før klokken 7.

Skolen her tilbyr utrolig mange forskjellige fag, alt fra vektløfting, teater og kor til vanlige real- og samfunnsfag pga. at alle ungdommene her går på High School og de ikke skiller mellom yrkesfaglig eller studieforbereidende.

I tillegg tilbyr også skolen forskjellige klubber og idretter elevene kan delta i, noe som jeg har satt veldig pris på. Allerede første dag på skolen startet jeg på skolens cross-country lag (5 km løp i terrenget) hvor jeg ble kjent med mange medelever samtidig som jeg fikk muligheten til å reise rundt i Michigan for å delta på løp og stevner.

Stor forskjell

Jeg liker den amerikanske skolen veldig godt, og alt er virkelig som man ser på film med amerikansk fotball, cheerleadere, kantinen og miljøet generelt, men jeg har i tillegg hatt opple-



Gruppen av utvekslingselever.

velser som minner meg på at skolen er veldig forskjellig fra hva jeg er vant til.

Tidligere i høst hadde vi blant annet en "lock-down" episode hvor vi måtte låse klasserommene våre, dekke for alle vinduer og sitte stille på gulvet i 20 minutter. Jeg må nok innrømme at det da satt en nokså sjokkert boknar på gulvet i fysikksalen.

Dagen etterpå ble vi forsikret om at dette skyltest en mulig trussel mot elevenes sikkerhet, men at det ikke på noe tidspunkt hadde vært et våpen inne på skolens område. Kun et par uker etterpå hadde vi besøk av politi med narkotikahunder.

I november ble jeg plassert i en ny vertsfamilie pga. vertsfamiliens familiesituasjon og helse, og flyttet til min venninne Michelles familie. Jeg bor fortsatt i samme området så jeg slapp heldigvis å bytte skole, og jeg har det utrolig kjekt her i min nye familie.

Juledilla

At amerikanerne har litt dilla på jul



Singing christmas tree.

er desidert ikke bare en myte. En mulig grunn til det her i Michigan kan være at bakken har vært dekket med snø siden november og alt ser ut til at det blir en hvit jul i år, noe som i alle fall får meg i julestemning.

Radiostasjonene har spilt julemusikk siden slutten av oktober, og hus og butikker er fulle av lys og dekorasjoner. Fikk beskjed om at dersom jeg syntes årets dekorasjoner var mye er dette ingenting i forhold til hva det hadde vært hadde den økonomiske situasjonen i USA vært bedre.

Syngende juletre

En av de første dagene i desember dro jeg sammen med vertsfamilien min til en julekonsert kalt "det syngende juletre". Dette er et kor bestående av over 300 ungdommer, som holder synger stående i et byggverk formet som et enormt juletre.

Treet er dekorert med over 25.000 far-



Bahar fra Turkmenistan, Michelle, Lyndel og meg på den årlige amerikansk fotball kampen for jenter (powderpuff).

gede lys, det høyeste i Amerika og nummer 4 på verdensbasis. Under konserten kan man faktisk se utøvere forsvinne ut av treet pga. den svimlende høyden.

Minne for livet

Jeg har det utrolig gøy her. Jeg opplever mye spennende og treffer mange nye mennesker, både amerikanere og utvekslingslever fra andre land.

Turen så langt har vært lærerik og spennende, men turens høydepunkt blir nok sannsynligvis turen til Hawaii sammen med vertssøster Michelle i februar.

Cross country laget etter at vi hadde vunnet vår gruppe.



Lokalt

Kultur

Årets viktigaste julepakkar

Jardar Havikbotn

18. desember kørde trailerar og bussar frå Norge til nokon av dei aller fattigaste i Europa. 70 pakkar er frå Bokn.

Mottoet til "GO CARE NORGE", som står bak julepakkeaksjonen, er «Det handler om å bry seg».

Og det er nettopp det Bokn skule gjer. 16. desember stod 14 sekkar klare på skulekontoret, stappfulle av flotte

gåver til fattige i Romania.

Rektor Ingjerd Ellingsen fortel at presangane blir sorterte og sekkane merka. Her er det presangar til både jenter, gutar, damer, menn og familiar.

Vore med før

Julepakkeaksjonen har i år 15 års jubileum, og Bokn skule har vore med fleire år tidlegare. Og Ingjerd gler seg

over at det også i år har vore stor oppslutnad om prosjektet.

- Dei kjem frå Bergen og hentar dei i morgon tidleg (den 17.), avsluttar ein nøgd rektor, som får ein grytidleg arbeidsstart i humanitær teneste.

"GO CARE NORGE" har samla inn og delt ut om lag 370.000 julepakkar sidan starten i 1992. Julepakkeaksjonen er landsomfattande, og det er oppretta lokale mottak over heile landet

Frå hand til hand

Julekonvoien går frå Norge torsdag 18. Desember, og dei 50 frivillige som er med til Romania for å dela ut pakkane frå hand til hand, er heime igjen 4. januar 2009.

Leiar for Julepakkeaksjonen, Harry N. Samuelsen, fortel på

www.julepakkeaksjonen.org at barna, gjennom prosjektet, får høvet til å engasjera seg for eit barn, akkurat som seg sjølv, men som lever i ei heilt anna verkelegheit.

Han seier at det er svært viktig at ungene våre får den erfaring, innsikt og læring dette gir. På same måte er det like verdifullt for dei som mottar gåva å få oppleve at det er nokon som bryr seg, selv om dei bur langt borte.

Bidragstytarane kan vera stolte av det dei har gjort, og senda ein varm tanke til alle dei glade ansikta i Romania som pakkar opp presangane frå Bokn!



Rektor Ingjerd Ellingsen med nokre av dei 14 gåveklare sekkane som skal til Romania.

Kulturkalenderen

Desember

- 24. Gudsteneste kl. 14.00
- 26. Gudsteneste kl. 11.00
- 28. Juletreff (familiefest) på bedehuset 17.00 Arr. Frelsesarmeen og bedehusstyret
- 31. Gudsteneste kl. 16.00

Januar 2009

- 05. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19.00
- 06. Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Oppstart for opp-dagarar og stifinnarar og vandrarar
- 09. Bygdekinoen
- 11. Gudsteneste kl 11.00
- 13. 20. dag-julefest, arr. Bokn sanitetsforening
- 18. Sundagsskule på bedehuset kl. 10.30
- 18. Bokn bedehus: Møte – Karmsund ABR-senter kl. 19.00
- 20. Bokn Danseklubb, årsmøte kl. 19.00 på skule kjøkkenet
- 21. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19.00
- 23. Bygdekinoen
- 25. Gudsteneste kl 11.00
- 25. Bingo på skulen kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps
- 27. Formannskapsmøte
- 29. Bokn bedehus: Møte - NMS kl. 19.00

Februar

- 01. Sundagsskule på bedehuset kl. 10.30
- 01. Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Speidaren sitt krinsårsmøte, på Norheim
- 01. Bokn bedehus: Møte – NMS kl. 19.00
- 02. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19.00
- 02. Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Årsmøte for speidaren på Bokn, på bedehuset kl. 19.30
- 06. Bygdekinoen
- 08. Gudsteneste kl 11.00
- 10. Kommunestyremøte
- 15. Sundagsskule på bedehuset kl. 10.30
- 15. Bokn bedehus: Møte – Israelsmisjon kl. 19.00
- 16. Bokn sanitetsforening har årsmøte/ fastelavensris
- 16. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19.00
- 17. Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Speidarbasaren på bedehuset kl. 18.00
- 20. Bygdekinoen
- 22. Gudsteneste kl 11.00
- 22. Bingo på skulen kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps
- 22. Bokn bedehus: Årsmøte for Bokn bedehus kl. 19.00

Veke 9 Vinterferie, Bokn skule

- 27. Bokn bedehus: Møte – Den Indre Sjømanns-misjon kl. 19.00

Mars

- 01. Sundagsskule på bedehuset kl. 10.30
- 01. Bokn bedehus: Møte – Den Indre Sjømanns-misjon kl. 19.00
- 02. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19.00
- 03. Formannskapsmøte
- 06. Bygdekinoen
- 08. Gudsteneste kl 11.00
- 15. Sundagsskule på bedehuset kl. 10.30
- 15. Bokn bedehus: Møte – Karmsund ABR-senter kl. 19.00
- 16. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19.00
- 20. Bygdekinoen
- 22. Gudsteneste kl 11.00
- 22. Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Løftefornyelse for speidarane i kyrkja kl. 11.00
- 24. Formannskapsmøte
- 29. Visitasgudsteneste i Vår Frelses kirke i Hauge-sund
- 30. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19.00

April

- 03. Bygdekinoen
- 05. Gudsteneste kl 11.00
- 05. Bingo på skulen kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps
- Veke 15 Påskeferie, Bokn skule
- 09. Bokn bedehus: Påskemåltid – Frelsesarmeen kl. 18.00
- 10. Gudsteneste kl 11.00
- 12. Gudsteneste kl 15.00
- 14. Formannskapsmøte
- 16. Bokn bedehus: Kontaktmøte for haustprogram for Bokn bedehus kl. 18.00
- 17. Bygdekinoen
- 19. Sundagsskule på bedehuset kl. 10.30
- 19. Vårkonsert kl. 16.00, Bokn musikkorps
- 19. Bokn bedehus: Møte – Normisjon kl. 19.00
- 25. Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Kampen om Viking-skipet
- 26. Gudsteneste kl 19.00
- 27. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19.00

Mai

- 03. Gudsteneste kl 11.00
- 05. Formannskapsmøte
- 10. Sundagsskule på bedehuset kl. 10.30
- 10. Bokn bedehus: Møte – Gideon kl. 19.00
- 15. Bygdekinoen
- 17. Gudsteneste kl 10.30
- 21. Bokn bedehus: Møte – Frelsesarmeen kl. 19.00
- 24. Sundagsskule på bedehuset kl. 10.30
- 29. Bygdekinoen
- 31. Gudsteneste kl 11.00 i Tysvær kyrkje

Juni

- 02. Formannskapsmøte
- 03. Bokn sanitetsforening har basar
- 05.-07. Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Vandrartroppstur til Vågholmen
- 06. 07. Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Krinsleir for opp-dagarar og stifinnarar, på Blikshavn
- 07. Gudsteneste kl 11.00 ute i Loten
- 08. Bokn bedehus: Møte – Misjonssambandet kl. 19.00
- 12. Bygdekinoen
- 16. Formannskapsmøte
- 23. Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Jonsokfeiring på Fyren kl. 18.00
- 28. Gudsteneste kl 11.00

August

- Primo Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Kanotur på Nidelva for vandrarar (dato kjem seinare)

Gymsal, kveld - oppdatert desember 2008

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Mån	Danseskule	15.00 - 16.30	Wendy Riber
	Barnetrimmen	16.45 - 17.45	C. B. Knutsen
	Fotball G10/11	18.00 - 19.30	Cliff Olaussen
	Bokn musikkorps	20.00 - 22.00	J. Havikbotn
Tys	Danseskule	14.15 - 18.00	Wendy Riber
	Friskis & Svettis	19.30 - 20.30	Anette Våga
Ons	Danseskule	13.15 - 16.45	Wendy Riber
	Fotball G9	17.00 - 18.15	Roger Jøsang
Tor	Danseskule	14.15 - 17.15	Wendy Riber
	Volleyball, ungdom	19.00 - 20.00	Rita Bokneberg
	Volleyball, voksne	20.00 - 22.00	Rita Bokneberg

Gratulerer!



Sander Alvestad, 8 år

Me vil gratulere gutten vår med 8 årsdagen den 15.12.

Kjempeglad i deg.

Klem fra mamma og pappa.



Simmen Karoliussen 9 år

Gratulerer med dagen fredag den 12.12

Me e glad i deg

Kos fra mamma, pappa, Trym og Zippo



Hipp hurra for Emilie Bryningsland som blei 5 år, 5. desember.

Gratulera så masse med dagen!
Håper du får ein kjempefin bursdagsfeiring!

Goe klemmar fra Tuva, mamma og pappa.

Omsetning av eigedomar i Bokn kommune

Andel av Alvestadkroken 24 (Gnr 11, bnr 50) er overdradd fra Arthur M Alvestad og Marta Alvestad til Ingvar Alvestad

(30.10.2008)

Overdragelsen omfatter også Alvestadkroken 26 (Gnr 11, bnr 60)

Overdragelsen omfatter også Gnr 11, bnr 99

Overdragelsen omfatter også Gnr 11, bnr 100

Overdragelsen omfatter også Gnr 11, bnr 108

Overdragelsen omfatter også Gnr 11, bnr 294

Havnavegen 39 (Gnr 11, bnr 291) er solgt for kr 2.730.000 fra Mona Sæbø og Tor Inge Sæbø til Håkon Sletten

(30.10.2008)

Andel av Kyrkjebakken 7 (Gnr 10, bnr 27) er overdradd for kr 200.000 fra Stevie James Malone til Mariann Malone

(25.11.2008)

Kjelde: Statens kartverk

Små endringer i juleevangeliet, fra barnemunn

Maria var gift med Josef, men så ble hun gravid med en fallende engel. Derfor måtte de kjøre eselet helt til de kom til et ungdoms-herberge. Men der fikk de ikke komme inn. Til slutt

måtte de bo i en gammel, råtten låve som en eller annen bonde eide, og Jesusbarnet måtte ligge oppi en skål mens eselet fremdeles stirret på ham. **(Kim, 8år)**

Bygdabladet for 20 år sidan

Frå nr. 10 1988

75-ÅRS JUBILEUM I SR-BANK BOKN

Den 7. august 1988 var det 75 år sidan boknarane skaut inn tilsaman 2.300,- i grunnfond for å skipa Bokn Sparebank. Frå ein beskjeden start i huset til Lars Sæbø med opningstid 2 timar om laurdagskvelden, har banken vore i stadig framgong og utvikling.

I 1953 flytta banken inn i sitt første nybybb, og i 1987 var det klart for etablering i nye sjølveigde og moderne lokale i Boknatun.

Banken har gjennom dei 75 åra vore ein viktig støtte i utviklinga av det lokale næringsliv og bustadreising i Bokn, og framstår i dag som ein moderne bank med full opningstid og eit tenesteutval som dekkjer det meste innan mederne bank-drift.

Jubileet vart markert med ei tilstelling 25. nov. på Boknatun. Om lag 70 pensjonistar, tilsette og styre med ektefeller hadde ein fin kveld der vi friska opp att detaljer frå banken si utvikling gjennom desse 75 åra.

Bokn Barnekor og Bokn Musikkskule med Jardar og Venevil i spissen bidrog med musikalske innslag som gleda oss fram-møtte.

Arne Hosaas

VARME

I peisen ligger en glødene kubbe
Jeg er ferdig med å gå og subbe
Krøller meg sammen i fanget ditt
Fanden er lykkelig har fått sitt

Varme stråler fra peis og lår
Dette ble til slutt et nydelig år
Nå kan vinteren bare banke på
Hjertet har endelig grunn til å slå

Kulden fra hjertet og fra vind
Kan ikke skremme du er min
Varme i sjel smitter på kropp
Utsikt upåklagelig fra den høye topp

Varme som omgir som jeg får
Trenger ingen lerce med sterk tår
Selv i sterkeste vinternatt evig sort
Varme erstatter kulde sviner bort

Kjetil Hamre

©kjetil hamre



Merete Alvestad

Så er det gjort – me har sove i kyrkja. Og det var overraskande koseleg. Tenk deg – tepper på golvet, stearinlys, soveposar og heldigvis: litt trøyte ungar.

Når klokka vart halv to og me skrudde av lyset var det eit langt program som vart avslutta. Me hadde malt på lys til vinduskarmane, laga adventsboksar, skrive adventsbrev og laga lysvakenplakat.

Etter adventsverkstaden tok me kvelden på Petra med film og pizzahorn. Når klokka nærma seg 24, var det på med pysjen og fram med stjerneasa. Me måtte

feira nyttårsafta til kyrkja og då var dette eit naturleg val.

Minimidnattsmesse

I kyrkja satt der ein organist klar. Venevil spelte dei vakraste adventssalmene du kan tenkje deg, for ein lett alvorstemt forsamling.

Det var tid for minimidnattsmesse. Historia om Samuel i tempelet vart dramatisert i alterringen for å illustrera at det kan vera lettare å høyra Gud si stemme nå me er i huset hans.

Til slutt song me nattbøn til orgelmusikk. Vegen til soveposen låg no open. Desse ungene lot seg ikkje affisere av at det var ei kyrkje som var soverommet.

6. Klasse var ein sporty gjeng som traska modige over kykjegarden til do, lenge etter at det var

vera lysvakne i forhold til livet og til Gud, slik han er vaken for oss og liva våre. Me skal vera vakne for korleis me lever, for korleis dei rundt oss har det og for dei som er i naud i verda – nær eller langt borte.

Me vil bruka den tida me har på jorda så godt me



↑
Kven skulle tru det var plass til eit langbord i midt-gangen?
←



Meir seriøst enn cupfinalen; kjekt å låna Petra for å herja litt ifrå oss.



Her laga me ein krans av hendene våre som vinkar til alle som kjem i kyrkja i desember.

mørkt.

Lysvaken

Søndagen avslutta me med å setja lys på gravene til kjære som me saknar.

Dette ramma inn temaet vårt som var å

kan. Dette var ein fin intro til den tida på året der me tenkjer mykje på dei rundt oss og prøver å gleda andre.

Takk til alle som var med på å gjera dette til ei fin oppleving!

Julegranstenning

Elisabet Taraldien

Søndag 30. november arrangerte Bokn Røde kors julegranstenning.

Det var lagt opp til kosetund på skulen fyrst, og sal av kaker, kaffi og "årer", og mange hadde tatt turen til storsalen vår denne dagen.

Det blei sjølv sagt besøk av ein populær kar, og ungane fekk ein svær kakemann og ei mandarin! Det vart også sunge julesong, og ei svært tøff lita jente var forsongar oppe på scenen!

Etter kaker, saft og kaffi, var det tid for å gå ned til grana, som stod og venta på lys. Veret vart akkurat slik ei julegranstenning skulle ha, stilt og bitande kaldt. Det var berre snøen som mangla.

Raude nasar var det nok, men ei hyggeleg stund blei det, og lysa vart tende mens vi song "Nå tennes tusen julelys".

Vi gikk rundt treet og song to julesongar til før vi gav oss. Takk til Bokn Røde kors for ei hyggeleg stund i starten på adventstida.

Bilde øverst: Nissefar med julegodt til ungane.

Bilde nederst: Nå tennes tusen julelys.



Lysmesse

Tekst: Merete Alvestad - foto: Åse Bratthammer

...berre ordet er nok til å gjera ein høgtidsstemd.

Den perfekte start på desember må vera synet av eit opptog av ungar i alle aldrar som ber lys og smil med seg inn i ei festpynta kyrkje.

Benkane var fylde av menneske som var komne for å markera starten på adventstida og det nye kyrkjeåret. Blant dei var mengder av foreldre og besteforeldre som var til stades for å dela denne stunda med ungane sine.

Det er alltid like kjekt å sjå kor flinke boknarane er til å stilla opp, sjølv i desse dagar då arrangementa står i kø, og slåss om folk si tid mot sundag-sopne butikkar med spesielle juletilbod.

Det å samlast slik, er noko me må ta vare på. Presten som var på besøk vart heilt overvelda av oppmøtet i kyrkja. Han fekk gode minner frå Bokn med seg heim, og ville gjerne komma på besøk att.

Eldsjenter

Det at me har eit så godt speidararbeid var også noko som imponerte han. No er det enno fleire enn før,



takka vere Leiv og Solveig Våga som har starta opp med oppdagarspeiding. Utan desse eldsjelenene, ville det vore eit langt dårlegare tilbod om speiding på Bokn. Me har mykje å takka dei for.

Men det ville sjølv sagt ikkje vore speidar utan ungar som deltok. Alle speidarar på Bokn burde vera stolte av

seg sjølve. Dei brukar tida til noko som gjev mening både for dei sjølve og andre. Som å gå i lysmesseopptog i kyrkja.

Ta med dykk den høgtidelege stemninga og kjensla av fellesskap inn i julefeiringa dykkar!

God Jul!

Danseavslutning 2008

Tekst: Liv Birknes - foto: Åse Bratthammer

Bokn Danseklubb hadde juleavslutning i gymsalen 29. november.

Klubben har hatt ein voldsom auke i medlemstal denne hausten, og har no over 40 dansarar – mest små. Det var difor naturleg at publikum bestod av forventningsfulle foreldre og beste-foreldre som ville oppleve dei "søte små" på dansegolvet for første gang.

Det var danseoppvisning i to omgangar, og små og store dansarar fekk vist at dei både har lært dansesteg i standard og latin, og å føre seg i forhold til publikum.

Det er stilig å sjå når dei, par for par, kjem ut på golvet og "presenterer partneren", som Wendy kallar det. Dette kunne dei, både store og små. Det var tydeleg at dei tok dette på alvor, og ein kunne nesten "sjå" at dei tenkte trinn og konsentrasjon utpå golvet der. Og flinke var dei verkeleg.

For 30 kr i inngangspengar kunne alle ete og drikke så mykje dei ville, og folk såg ut til å kose seg. Det var også loddsal, og mange fine gevinstar fekk nye eigarar heilt til slutt.

Danselærer Wendy var dessverre sjuk,



Fv. Vilhelm og Ingrid, Maria & Benedicte i aksjon.

og fekk ikkje administrere dansinga denne gongen, men Åse og Glen hadde god kontroll, og det heile gjekk etter

programmet.

Etter dette tek danseklubben ein fortent juleferie.

Bokn idrettslag informerer

Chr. Bottolf Knutsen



Barnetrimmen

Det ble tidligere i høst hengt ut oppslag om oppstart av Barnetrimmen igjen. Tilbakemeldingene lot vente på seg, men etterhvert så har vi fått flere som ønsker å stille opp på dette.

Det er også kommet ønsker om at vi tar med oss 2 åringene (de som fyller 3 år i 2009), det skal være ganske mange i denne gruppa. Om dette vil gjøre det lettere for flere å stille opp, så tar vi selvfølgelig

også denne målgruppa med. Da det er mangel på tilbud i kommunen for aldersgruppa opp til 6 år, ønsker vi å få gjort noe med dette.

Barnetrimmen blir på mandager kl. 16.45 - 17.45. Det vil bli varierende aktiviteter i gymsalen som er delvis organisert og delvis lek, men med stor vekt på fri lek med det utstyret vi har tilgang på. Det kan også løses med inndeling i målgrupper (1-3 år og 4-6 år).

Håper flere melder sin interesse, for at barna våre skal få et tilbud de har krav på.

De som har meldt seg blir kalt inn til et oppstartsmøte

over nyttår.

Første timen med barna blir mandag 19.01.2009. Politiattester i Bokn Idrettslag

Politiattester

Styret i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) vedtok 10. mars 2008 at hele norsk idrett skal kreve politiattest mot seksuelle overgrep mot barn.

Ordningen gjelder for alle som skal utføre oppgaver som i vesentlig grad innebærer et tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige.

Ordningen trer i kraft 1.

januar 2009.

Idrettsstyret mener at en felles praksis i hele idretten best mulig sikrer hensynet til barna, hensynet til personvern og hensynet til organisasjonen.

I denne sammenheng har Styret i Bokn Idrettslag trekt ut en ansvarlig for å utføre denne jobben.

Vi er snart i mål med å fremskaffe attester til alle våre oppmenn og trenere i laget. Ordningen gjelder også for alle i styret.

Vi mener å ha god kontroll på å få dette utført innen fristen 1. januar 2009.



Snøfnugget

Kjetil Hamre

Eit lite snøfnugg tok fatt på reisa frå si modersky og ned til bakken. Mens det svedde fjørlett nedover, tenkte det litt over sin skjebne.

- Eg er vatn, tenkte det, og kulde min far. Eg er skjør, men vakker når eg legg meg på bakken som den mjukaste dundyndyna og skjuler alle spor.

Det dalte nedover og såg bakken komma nærmare og nærmare.

- Eg vil landa i akebakken, tenkte det.

Å leika med ungane heile dagen var ein fristande tanke. Men skjebnen spelte fnugget eit puss. Eit vindpust kom og tok tak i fnugget og bles det sørover. Snøfnugget kunne ikkje anna enn å vera med pusten til vinden.

Ein skog dukka opp og vinden la seg. Snøfnugget fortsatte sin ferd mot bakken, men her var dårlig med landingsplass og barn. I toppen av ei gran landa det og slo seg til ro. Det sukka.

- Ingen akebrett vil skli over meg og kitla meg på ryggen, tenkte det.

- Eg vil aldri bli ein snøball som fyk gjennom lufta for å finna ein ubeskytta nakke. Ikkje får eg bli ei snølykt som lyser i mørket. Ingen snømann med gulrotnase.

Fnugget sukka mens sola gjekk ned og nattekulden kom sigande.

- Eg er berre ein blant mange nå, tenkte det. Her ligg me til ingen nytte og glede, og snart kjem vel varmen og smeltar meg vekk også.

Det tenkte litt på sin skjebne og synst synd på seg sjølv.

Morgonen kom, det var kaldt og snøen knirka under hoven til ein hjort. Snøfnugget såg seg rundt. Det var ein vakker skog, det måtte innrømma det. Trea stod med bøygde greiner, men rake stammar. Plutseleg hørde fnugget eit smell og treet begynte å rista.

Fnugget klamra seg fast i toppen av treet. Smell etter smell kom og treet begynte å dirra der det stod.

- Kva skjer? tenkte fnugget.

Det fekk aldri svar for akkurat då falt treet over ende. Fnugget klarte så vidt det var å halda seg fast.

Då såg fnugget at det stod ein mann og to barn ved treet.

- Dette blir fint, hørde det mannen seia, me får få det i hus og pynta det i kveld, barn.

Mannen tok tak i stammen av treet og slepte det med seg. Utanfor eit stovevindaug stod treet med fnugget i toppen. Mørket senka seg og mannen kom ut og henta treet. Inn i stua blei det sett i fot, og esker med juletrepynt blei funne. Fnugget begynte å svetta. I stova brant det godt i ein peis og varmen strålte ut i rommet.

Mens snøfnugget satt der i toppen, pynta barna treet. Dei song og lo. Hengde på kuler og glitter.

- Jaja, tenkte fnugget, eg fekk i alle fall høyra barnelatter før mi tid er over. Det drypte ned mot stovegolvet og smelta helt vekk.



Forbud mot fyrverkeriraketter fra nyttår 2008/2009

Hvert år blir mange skadet av fyrverkeri. Førrige nyttår økte skadetallene. Raketter er oppgitt som årsak i 68 prosent av skadetilfellene.

For å hindre skader på helse og materielle verdier, blir det nå forbud mot raketter med styrepinne. I tillegg blir det forbud mot fyrverkeri som ser ut som leketøy.

Som tidligere varslet, blir det ikke lenger lov å selge eller bruke slikt fyrverkeri. Annet fyrverkeri vil fortsatt være lovlig, som for eksempel effektbatterier, fontener med mer, fordi disse anses tryggere i bruk enn raketter med styrepinne.

Brannsjefen oppfordrer publikum til å følge sikkerhetsanvisningene og aldersbestemmelsene som følger fyrverkeriet.

Med ønske om en flott nyttårsfeiring uten branner og ulykker.

Hans Faye
Brannsjef

Tannlege på Bokn

Frå og med 01.01.2009 vil det ikkje vera tannlege til stades på Bokn.

Det vil koma ein tannpleier til å ta seg av prioriterte grupper som til dømes ungar. Skulle dei trenga tannlege vil der koma tannlege på staden etter behov.

Andre grupper er ikkje prioriterte.



Godt samliv-kurs

Kurset Godt samliv vil 22. og 28. januar 2009 settes i gang for kommunene Bokn og Tysvær.

Dette er et "ufarlig" samlivskurs primært for førstegangsforeldre, men siden det er første gang Bokn arrangerer dette, vil vi også invitere foreldre med mer enn ett barn å delta. Hensikten med kurset er å gi støtte og inspirasjon til nybakte foreldre i en periode med store forandringer og utfordringer i hverdagen.

Kurset tar opp temaer som dukker opp i en travel hverdag; som kommunikasjon, overgangen fra å være to til tre, konflikthåndtering men også gleden og fremtiden som venter dem som familie. Her skal en slippe å utlevere seg selv og snakke om sine dypeste følelser, men rett og slett ha en inspirasjonskveld for parforholdet.

Populært

Godt samliv har fått stor positiv respons på landsbasis, og i noen kommuner står par i kø for å få delta. Kurset varer i 8 timer, fordelt på to kvelder. Det optimale er å samle 5-8 par på hvert kurs.

Godt samliv er utviklet av Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. Se GodtSamliv.no for mere informasjon.

Det er helsestasjonene i kommunene som er ansvarlige for å arrangere Godt samliv, og par som har lyst til å gå på kurs kan melde seg på ved nærmeste helsestasjon.

Påmelding: Bokn helsestasjon, 52 75 25 43 eller mob 469 36 965.

**Sted: Aksdal helsestasjon
Dato: Torsdag 22. januar og onsdag 28. januar kl. 18-22.**

Henriette S. Lindanger



REFLEKS

Jardar Havikbotn



Mange fotgjengarar trur at når dei ser bilen, ser også bilisten dei, men i mørke haust- og vinterkveldar kan det nesten vera umuleg for bilisten å sjå fotgjengaren langs vegkanten.

Utan refleks er du nesten usynleg

Først på 25 - 30 meters hald er du synleg utan refleks. Med refleks er du synleg på 140 meters hald når bilen brukar nærllys. Med fjernlys kan bilføraren sjå deg på 400 meters avstand.

Risikoen for å bli påkøyr i mørket blir redusert med 85 prosent.

Dersom du ikkje brukar refleks, har ein bilist som køyrer med nærllys i 50 km/t to sekundar på å oppdaga deg og reagere. Med refleks har bilisten ti sekundar til disposisjon.

30-35 fotgjengere mistar livet

35 prosent av alle fotgjengarulykker skjer i mørket, og berre om lag fem prosent av fotgjengarane som blir påkøyrde og skada brukar refleks. Kvart år blir 850-900 fotgjengarar skada i trafikken, og 30-35 personar mistar livet.

Lys på sykkelen

Lys på sykkelen både foran og bak er svært viktig når du sykler i mørket. Å sykla i vegbanen med mørke klede utan lys er risikosport. Viss ikkje bilføraren køyrer på deg, blir han utan tvil skremt og sint. Det er også påbudt med refleksar på sykkelpedalane.

Gode råd

Refleksen bør henga i knehøgde. Då mottar han nemleg mest muleg lys frå billyktene. Bevegande refleksar er dei best synlege.

Du bør også bruka to refleksar for å bli sett frå begge sider når du kryssar vegen. Riper og skraper svekkar refleksjonsevna. Fotgjengarrefleks skal reflektera gult eller kvitt lys.

Påsydde refleksband på klede gir ikkje så god refleksjonsevne som refleksbrikka. Til barn og personar som driv idrett eller arbeidar, er refleksband, refleksvestar eller borrelås med refleks det beste.

Vala er mange - det viktigaste er at du brukar refleks og blir sett - ei enkelt sikring.

Kjelde: Trygg Trafikk



BRUK REFLEKS



Tips til en brannsikker jul

Desember er en brannfarlig måned og i juleuka er det nesten tre ganger så mange boligbranner som en gjennomsnittsuke. Over halvparten av alle boligbranner har sammenheng med menneskelig atferd og kan derfor unngås med større aktsomhet.

Sørg for at du har et brannsikkert hjem til jul.

Røykvarsler

Sjekk røykvarsleren og bytt batteri 1. desember. Innfør dette som en tradisjon.

Fra en vanlig husbrann dannes det svært store mengder røyk, og de fleste som omkommer i brann dør på grunn av røykforgiftning. I fjor omkom 74 personer i brann i Norge. Røykvarslere redder hvert år mange mennesker fra branndøden.

Smult- og fettkoking

79 boligbranner ble tilberedt på komfyren ifjor. Forlat aldri gryta når julebaksten tilberedes. Ved sterk varme er fett og smult selv-antennende. Skulle det oppstå brann, må du **ikke** slukke med vann. Ha et lokk eller lignende lett tilgjengelig, og sett det over gryta slik at flammen kveles.

Levende lys

Norge har Europas største forbruk av levende lys pr. innbygger. I desember tenner vi over 17 millioner lys, men denne lysfesten har også en mørk bakside. I fjor startet 45 boligbranner på grunn av uforsiktig omgang med levende lys.

Du kan lett forebygge brann med noen enkle forholdsregler:

- Forlat aldri levende lys.
- Unngå lysmansomter og pynt av brennbart materiale.
- Plasser ikke levende lys i nærheten

av brennbart materiale som gardiner, reoler og lignende.

- Sørg for at lysene står støtt.
- Bruk aldri lysestaker av brennbart materiale.
- Flytt aldri et brennende lys.

Telys

Vær ekstra forsiktig ved bruk av telys, de kan plutselig flamme opp tilsynelatende uten grunn.

Telys må plasseres i holder som har god luftgjennomstrømning og tåler sterk varme.

Plasser aldri telys i juledekorasjoner av brennbart materiale. Om telyset flammer opp, må du **ikke** slukke med vann, det vil føre til en eksplosjonsartet brann. Kvel flammen med lyse-slukker eller lignende.

Juletrebelysning

Feil ved elektrisk utstyr og installasjoner, samt uforsiktig bruk av elektrisk utstyr, var årsaken til ca 40 % av boligbrannene i 2007.

Elektrisk julebelysning kan forårsake brann. Pass derfor på følgende:

- La aldri juletrebelysning stå på om natten eller når du er borte.
 - Trekk ut kontakten, bruk ikke pærene som bryter.
 - Bruk kun pærer som er beregnet for den aktuelle belysningen
 - Bruk ikke levende lys på juletreet
 - Ha ikke brennbare tekstiler i nærheten av elektriske lys
 - Bruk ikke innendørsbelysning ute.
- Belysning som brukes ute, må være spesielt laget for dette formålet. Bruk også egen utendørs stikkontakt.
- La ikke ledningen gå over dørterskelen eller gjennom vinduet.

Teksten er frå nettsidene til Asker og Bærum brannvesen, med løyve frå informasjonskonsulent Elisabeth Gripne Plomgren.

Bedehuset takkar Bokn idrettslag for bord og stolar

Me vil på det varmaste takka Bokn idrettslag for alle stolane og borda me fekk då dei skifta på idretts-huset.

Me har ikkje sett oss råd med å supplera møblementet vårt, sjølv om trongen har vore der. Men så kom åtte bord og førti stolar, ein kan mest sei, dalande ned frå himmelen.

Med litt pussing og flekking og maling virka det mest som om det heile er nyinnkjøpt.

Igjen, stor og varm takk til idrettslaget. De må koma på juletreffestane og sjå kor fint det vart.

God jul.

Helsing styret for Bokn bedehus
Leiv Våga

Små endringer i juleevangeliet, fra barnemunn

Disipler er noe vi har i halsen som ligner på mandler, men som heter polypper.

Gud gjorde fem brødre om til to fisker.

Noen tror på Allan, andre tror på Harry Krishna

Jesus gikk på vannet fordi han ikke ville bli våt på beina.

Når noen dør, blir de lagt ned i jorda, og så sier presten: Av jord er du kommet og der skal du bli. Så tømmer han enda en bøtte jord i hodet på deg.

Gud elsker alle barna på jorden og alle mennene. Og så elsker han alle damene også, selv om han ikke er gift med dem.

(Mie, 8år)

16.12.08: Kunstgras, lys, montering av mål og dører i ballbingen ved idrettshuset i Føresvik vil koma på plass når området rundt anlegget er sikra, forhåpentlegvis i januar neste år.





HÅRSMIA



Hei, Hårsmia ønsker alle velkommen til klipp på herrer, damer, barn og ungdom.

Kommer gjerne hjem til dere om det skulle være vanskelig å komme på salongen.

Skolebarn som trenger klipp må gjerne komme med bussen rett av skolen.

Herreklipp	290,-
Herre m/maskin	190,-
Dameklipp vask/føn	390,-
Dameklipp bare klipp	290,-
Barneklipp fra 0-10 år	190,-
Ungdomsklipp 10-16 år	250,-
Hodemassasje	100,-

Ring 52 74 86 47 - 46 44 29 20 eller send SMS for bestilling.

Åpent alle dager, også lørdag.

Ønsker alle en God jul og Godt nytt år!

Hilsen Mona

Hjertelig takk til alle som hugsa meg på 75-års dagen.

Anna Are

Hjertelig takk for alle gaver og helsingar i anledning min 75 års dag.

Ottar Håland



Norske Kvinners Sanitetsforening

Omtanke i nærmiljøet

20. dags jul-fest på allrommet tirsd. 13. jan. kl. 19.30

Det vert lett underholdning og servering av varm mat.

Kr. 50,- pr.pers. - alle er hjertelig velkomne!

Påmelding innen 06.01.09 på telefon eller sms

Reidun 52 74 85 42 etter kl.19.00 - Rita 99 70 74 28



KROVÅGEN HESTESENTER

5561 Bokn – tlf. 91 12 08 01 E-post: kachris@online.no

KROVÅGEN HESTESENTER på Austre Bokn ønsker store og små på to og fire bein en koselig julefeiring og et spennende nytt år!

Hilsen Kari og Olav (www.kro-hest.no)

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

Utleige av minigraver 2500 kg

Pris pr. dag kr. 800,- + moms.

Pris pr. veke kr. 4.000,- + moms.

Pris pr. dag kr. 100,- + moms for leige av vridbar pusseskuffe.

Kontaktpersoner:

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

Behandling med

Kraniosakral terapi
Helsemassasje

**Eg har ope på måndagar
i Kyrkjebygd kulturhus, 2. etasje**

Ingunn Are

Tlf. 52 74 84 41 - 90 24 90 57

**coop
marked**

COOP MARKED BOKN

**coop
marked**

Mandag til fredag: 09.00 - 18.00

Lørdag: 09.00 - 16.00

Drivstoff hele døgnet - kortautomat

Julafte 09-13
Nyttårsafte 09-15

God jul & godt nytt år!



**Vi i SpareBank 1 SR-Bank
ønsker deg en riktig god jul,
og et godt nytt år.**

Åpningstider i julen er:

Kontorene

Julaften stengt
1. juledag stengt
2. juledag stengt
Nyttårsaften åpent til 12
1. nyttårsdag stengt

Kundesenteret

Julaften stengt
1. juledag stengt
2. juledag stengt
Nyttårsaften 07-15
1. nyttårsdag stengt

Funksjon	Namn	Tlf.	E-post
Ordfører	Kyrre Lindanger	52 75 25 03 - 91 67 17 26	kyrre.lindanger@bokn.kommune.no
Rådmann	Jan Erik Nygaard	52 75 25 01 - 98 22 15 01	jan.erik.nygaard@bokn.kommune.no
Økonomi			
Økonomisjef	Solrunn Alvestad	52 75 25 02 - 98 22 15 02	solrunn.alvestad@bokn.kommune.no
Rekneskapsansvarleg	Norunn Jordbrekk	52 75 25 07	norunn.jordbrekk@bokn.kommune.no
Skatteoppkrevjar	Lindy Haram	52 75 25 09	lindy.haram@bokn.kommune.no
IT			
IT-konsulent	Ture Kristiansen	52 75 25 20 - 99 09 53 14	ture.kristiansen@bokn.kommune.no
Servicetorg			
Servicetorgleiar	Gro Sørensen	52 75 25 10 - 98 22 15 00	gro.sorensen@bokn.kommune.no
Førstesekretær	Annette Bokneberg	52 75 25 11	annette.bokneberg@bokn.kommune.no
Helse, sosial, barnevern			
Seksjonssjef	Tore Bøe Olsen	52 75 25 34 - 98 22 15 03	tore.boe.olsen@bokn.kommune.no
Barnevernleiar	Tore Bøe Olsen	52 75 25 34 - 98 22 15 03	tore.boe.olsen@bokn.kommune.no
Sjukestova		52 75 25 30	
Legekantor		52 75 25 40	
Kommunelege	Dag-Helge Rønnevik	52 75 25 40	dag.helge.ronnevik@bokn.kommune.no
Sosialsjef	Reidar Alvestad	52 75 25 04 - 98 22 15 04	reidar.alvestad@bokn.kommune.no
Psykiatrisk sjukepleiar	Miriam Berland	52 75 25 36 - 40 41 05 70	miriam.berland@bokn.kommune.no
Helsesøster	Henriette S. Lindanger	52 75 25 43 - 46 93 69 65	henriette.lindanger@bokn.kommune.no
Kultur, skule, barnehage			
Seksjonssjef	Dag Halvorsen	52 75 25 50 - 90 72 80 92	dag.halvorsen@bokn.kommune.no
Rektor	Ingjerd Ellingsen	52 75 25 51 - 98 22 15 11	ingjerd.ellingsen@bokn.kommune.no
Skulekantor	Annette Bokneberg	52 75 25 69	annette.bokneberg@bokn.kommune.no
Kultursjef	Jardar Havikbotn	52 75 25 08 - 98 22 15 08	jardar.havikbotn@bokn.kommune.no
Barnehagestyrar	Tone Børgesen	52 75 25 70	tone.borgesen@bokn.kommune.no
Biblioteksjef	Linda Ognøy	52 75 25 45	linda.ognoy@bokn.kommune.no
Teknisk			
Seksjonssjef	Hans Faye	52 75 25 05 - 98 22 15 05	hans.faye@bokn.kommune.no
Kommuneingeniør	Unni Høivik	52 75 25 06 - 98 22 15 14	unni.hoivik@bokn.kommune.no
Post til Bokn kommune			post@bokn.kommune.no
Post til Bygdabladet for Bokn			post@bygdabladet.no

Div. tenester på Boknatun

BOKN LEGEKONTOR

Hver tirsdag og fredag samt torsdager i partallsuker.
Åpningstider 08 – 1530.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkelig hjelp: Bokn Legevakt:
52 74 85 22 (hele døgnet).
Dr Rønnevik er på Bokn hver dag og kan ta imot
øyeblikkelig hjelp dersom behov.
Ved livstruende tilstand: 113.

Timebestilling på internett eller SMS.
Se www.bokn.no for mer info.

Listen fylles opp, men det er fortsatt ledig kapasitet!

Dag-Helge Rønnevik - lege

Åpningstider legekantor desember

Åpningstider i jula:

Lille julaften: åpent
Julaften: stengt
1. og 2. juledag: stengt
30/12: åpent
Nyttårsaften: stengt
1. nyttårsdag: stengt

De dagene det er stengt er det legevakten som
gjelder hele døgnet, telefon 52 74 85 22.

Dag-Helge Rønnevik - lege



*Bygdabladet ynskjer
alle lesarane sine god
jul og godt nytt år!*

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 – 15.00

Me kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus,m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61
Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

Bodil Ljones Auestad - jordmor

HELSESTØSTER

Helsestasjonen er open måndager, onsdager
og fredager kl. 8-15.30 - Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 46 93 69 65

Henriette S. Lindanger - helsesøster

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.

52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00
ved fysioterapirommet.

Enkelte laurdagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28

Direkte nr.: 52 75 25 33

Rita Bokneberg - fotterapeut

TANNLEGEKONTORET

Tysdagar kl. 08.30 - 15.00 Direktenr. 52 75 25 80

For endring av timeavtale: 52 75 45 20 - Tysvær

Ingjerd Hope Myklebust- tannlege

DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Trenge du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 93 09 39 98

Mariann Malone - aktivtør

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun
kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. 52 75 71 75

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef



NAV BOKN TRYGD

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: tlf. 815 81 000

Potetkakebaking med dei eldste

Reidar Alvestad

Ei ekte førjulsstemming vart det då tre bakstekoner sette i gong med å steika potetkaker i det kombinerte opphalds- og spiserommet på sjukestova mandag den 8. desember. 10 - 11 av bebuarane var benka rundt i rommet og fylgde interessert med på steikinga.

Også i fjor

Liv Vatnaland var den som fekk med seg Ingrid Håland i fjor før jul, og steikte potetkaker til bebuarane på sjukestova. Dette var så kjekt at i år var det to andre som vart med, nemleg Anna Are og Bertha Våge. Sistnemnde er sjølv bebuar i omsorgsbustad, men hadde ikkje gløymt ut kunsten å steika potetkaker.

Dei to andre hadde med seg ferdig deig, og var dei som kjevla ut potetkakerne og la dei klar til steiking. Det foregjeikk slik at etter at dei hadde kjevla deigen ut, brukte dei kvar sitt spannløkk til å trykka ut fine og runde potetkakeemner. Så var det Bertha som passa på at alle kakene vart passe steikt.

Bertha fortel at ho slettes ikkje har gløymt steikekunsten. Då ho var ung og budde på Vatnaland, hadde dei steikedag for potetkaker annakvar dag. Av og til steikte dei også natronkaker og andre lefser.

For veldig lenge sidan, kunne det vera vanskeleg å få fatt på "kjøpebrød", og under krigen var det dårleg brødmjøl og gjær. Så det gjekk mykje på potetkaker rundt omkring på bygda. Også dei andre to bakstekonene har vore vane med å steika potetkaker. Anna fortel at ho ofte var med på steiking etter skuletid.

Tilbake til eldre tider

Av dei 10 - 11 bebuarane som var innom stova medan steikinga pågjeikk, var dette med steiking av kaker på baksterhelle noko dei fleste hadde vore med på.

Bjarne Våge fortel at for 70 - 80 år sidan var han med mora og steikte potetkaker og natronkaker to, tre gonger i veka. Mora laga deig og kjevla ut kakene før ho la dei på hella. Hans jobb var å fyra i omnen og snu og ta av kakene når dei var ferdig steikte. Han hadde på førehand vore og rive lyng som var det dei fyrte med.

Også Leonora Alvestad har vore ein ivrig bakar, men ho seier det er nokre år sidan sist ho baka.



Fv.: Liv Vatnaland kjevlar deigen ut og trykker ut Bertha Våge har ansvar for steikinga, og Anna Are kjevlar ut deig og trykker ut passe fine og jamne kaker.



Fv.: Magne Are, Bjarne J. Våge, Leonora Alvestad og Sigrid Våge får her smaka dei nysteikte potetkakerne, som fekk eit fint godkjendstempel i fylgje utsegnene som kom frå dei.



Fv.: Gerd Gundersen, Agnes Hognaland og Margit Søndeland er blant dei som ikkje er ukjende med steiking av potetkaker. Dei nysteikte kakene smakar godt. Agnes og Margit er av dei eldste i Bokn, henholdsvis over 94 og snart 93 år gamle.

"Kjekt på Bokn"

- Dette er kjekt på Bokn, seier Anna Are. Det er funne på mange slike gode tiltak sjølv om dei ikkje høyrer til prosjektet "Kjekt på Bokn". Strikkekafeén på gamle skulen er eit anna døme på det.

På spørsmål om potetkakesteikinga ville bli ein årleg tradisjon, var dei ikkje utanom det.

- Eg gleda meg til å gå hit i dag, seier Liv.

Også nokre av pleiepersonalet er til stades. Dei seier at det skulle vore

kurs i denne type baking, slik at fleire kunne lært seg å laga og steika potetkaker.

Etter kvart blir potetkaker påsmurte med smør og sukker, og delt ut til dei som var til stades. Og det smaka heilt fortrefteleg. Det var to store haugar som vart steikt, slik at det var nok mange som fekk smaka denne dagen.

Men det gildaste var nok sjøve stemminga og steikinga. Det laga ei god førjulsstemming og minner frå svunne tider då potetkakerne var heilt livsnødvendig i det daglege hushaldet.